



# DEN NORSKE KYRKJA

Alver kyrkjelege fellesråd

## Referat frå ekstraordinært møte i Alver kyrkjelege fellesnemnd.

<b>Utval</b>	Kyrkjeleg fellesnemnd
<b>Møtedato</b>	Tysdag 2.oktober 2018
<b>Møtetid</b>	Kl. 16.00-17.00
<b>Møtestad</b>	Knarvik kyrkje

### Desse møtte:

#### Frå Lindås kyrkjelege fellesråd:

Ivar Eidsheim  
Harald Osland Øvretveit  
Johan Lygre (vara)

#### Frå Radøy sokneråd:

Grethe Lunde  
Gunnar Kartveit

#### Frå Meland sokneråd

Bent Gunnar Næss  
Einar Reigstad

#### Frå kommunal fellesnemnd:

Sølvi Knudsen (vara)

#### Geistleg representant:

Helge Taranrød (prost i Nordhordland)

#### Forfall:

Turid Sporsheim Tvedt	Lindås kyrkjelege fellesråd
Bjarte Vatnøy	Kommunal fellesnemnd

## F – 26/2018 Tilsetjing av kyrkjeverje

Relevante fakta (det finnst heilt sikkert andre viktige fakta)

	Innbyggjarar (pr. 2.kv. 2018)	Tilsette i fellesrådet (2017)	Driftsutgifter (2017)
Lindås kommune	15800	25	13,7 mill.
Meland kommune	8090	9	4,4 mill.
Radøy kommune	5130	9	4,5 mill.
Alver kommune	29020	43	22,6 mill.

Inngangsspørsmålet i tilsetjing av ny kyrkjeverje i Alver kyrkjelege fellesråd er om den kyrkjelege fellesnemnda ynskjer å tilby ein av dei noverande kyrkjeverjene stillinga.

I KA si veiledning «Kirkelig fellesråd og kommunesammenslåing» kan vi lese: «*Hvorvidt den nye kirkevergestillingen er en «vesentlig grad av videreføring av stilling» må vurderes konkret i hvert enkelt tilfelle.*»

I veiledninga vurderer KA spørsmålet: «*Er kirkevergestillingen i det nye fellesrådet «den samme stillingen» som vedkommende kirkeverge nå har?»* **Storleik** er nemnt som ein avgjerande faktor i vurderinga av om ny stilling er den same som noverande stillingar.

Her er eit forsøk på å måle dei tre noverande stillingane sett opp mot nytt ansvar:

	Noverande prosentvis del av samla innbyggjartal i Alver kommune	Noverande prosentvis del av tilsette i Alver kyrkjelege fellesråd	Noverande prosentvis del av forventa driftsutgifter i Alver kyrkjelege fellesråd
Kyrkjeverja i Lindås	54%	58%	60%
Kyrkjeverja i Meland	28 %	21%	20%
Kyrkjeverja i Radøy	18%	21%	20%

Andre viktige kriterium som også kan vektleggjast er til dømes, **personlege kvalifikasjonar, ansiennitet og formelle utdanningskrav.**

Vurderinga til AU er at den nye kyrkjeverjestillinga vil vera vesentleg annleis enn noverande stillingar, og at ingen av kyrkjeverjene har fortrinnsrett på stillinga.

Alver kyrkjelege fellesnemnd gav AU fullmakt til å ha sonderingsmøte med kyrkjeveverjene i høve ny kyrkjeveverjestilling. Møtet gjorde det tydeleg at ein av noverande kyrkjeveverjer kunne tenkja seg den nye stillinga.

Med informasjonen frå møtet som basis, rår AU Alver kyrkjelege fellesnemnd til å velje ekstern utlysing av kyrkjeveverjestillinga i Alver kyrkjelege fellesråd.

**Vedtak:**

- 1. Fellesnemnda vedtek ekstern utlysing av stillinga som kyrkjeveverje i Alver kyrkjelege fellesråd.**
- 2. Fellesnemnda vil legge til grunn ny organisasjonsmodell.**
- 3. Fellesnemnda gjev AU fullmakt til å vidareføra prosessen; utlysing, vurdering av aktuelle kandidatar, intervju og innstilling til vedtak i Fellesnemnda innan vår – 19.**
- 4. Fellesnemnda ønsker oppstart seinast august 2019.**

**2.okt – 18**

**Grethe Lunde**

**Leiar Alver kyrkjelege fellesnemnd**